

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 18.11.2016
SAKSHANDSAMAR: Hanne Løvereide Årstad
SAKA GJELD: **Sal av tomt på Stord**

ARKIVSAK: 2016/3294
STYRESAK: **142/16**

STYREMØTE: **07.12. 2016**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret sluttar seg til sal av tomt gnr. 27, bnr. 869 i Stord kommune.
2. Styret føreset at eigedomen blir lagt ut på den opne marknaden.
3. Det blir gjennomført føretaksmøte i Helse Fonna HF for endeleg godkjenning av sal av eigedomen.

Oppsummering

Helse Fonna HF ønskjer å selje tomt i Pilehagen på Stord. Tomta er utskild frå hovudeigedomen til Stord sjukehus gnr. 27, bnr. 86.

Føretaket har ikkje behov, eller planar for tomta og tilrår sal.

Fakta

Styret i Helse Fonna HF gjorde i styremøte 27.10.2016 følgjande vedtak i styresak 062/16, Sal av tomt på Stord v/Pilehagen.

1. Styret i Helse Fonna HF tilrår sal av tomt Gnr. 27, Bnr., Pilehagen, i Stord kommune
2. Saka sendast til Helse Vest RHF for vidare handsaming.

Kommentarar

Etter helseføretakslova § 31 skal sal av fast eigedom avgjerast av føretaksmøtet i det einskilde helseføretaket, etter forslag frå styret. For sal av eigedomar med verdi mindre enn 10 millionar kroner er det ikkje naudsynt å leggja saka fram for departementet.

Eigedomen er ein del av gnr./bnr. 27/86 kor Stord Sjukehus ligg og som har eit samla areal på 71344m². Eigedomen var regulert til offentleg bygg. I 1997 var det gitt dispensasjon frå reguleringsplanen til at denne parsellen kunne nyttast til bustadføremål, men det blei ikkje bygd på tomta og dispensasjonen gikk ut. Det er ført opp einebustader på naboeigedomane. Helse Fonna har på ny søkt og fått godkjent dispensasjon frå føremålet, slik at tomta no kan nyttast til bustadføremål.

Tomta er på 1517m². Føretaket har vore i kontakta med eigedomsmegler på Stord som har antyda ein salspris på 1,2 – 1,5 million kr. Bokført verdi pr. 30.09.2016 er kr 302 730,-.

Da saka blei behandla i styret i Helse Fonna HF hadde ikkje Helse Fonna fått eige bruksnummer til den utskilte tomta. Den 09.11.2016 vart det halde oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering (Matrikkellova). Eigedomen fikk matrikkel nr. gnr. 27 bnr. 869.

Konklusjon

Administrerande direktør sluttar seg til dei vurderingar som er gjort av Helse Fonna og tilrår at styret i Helse Vest RHF gir sin tilslutning til sal av eigedomen. Ein legg til grunn at eigedomen blir lagt ut for sal på den opne marknaden.